



## Notat

Dato: 03.10.2017  
Arkivsak: 2017/15875-1  
Saksbehandlar: josfare

---

<b>Til:</b>	Utvalg for kultur, idrett og regional utvikling Fylkesutvalget
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Søknader til ordninga "Partnerskapsmidlar til regionale utviklingsaktørar 2018-2020"

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak i sak PS 129/2017:

- Fylkesutvalet vedtar med utgangspunkt i Regional planstrategi 2016-2020 og Regional næringsplan 2013-2017 reviderte retningslinjer for Næringsretta partnerskapsmidlar med verknad frå 2018.*
- Fylkesutvalet vedtar følgjande framdrift for tildeling av midlar:*
  - Juni 2017: Fylkeskommunen lyser ut partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar
  - August/september: søknadsfrist
  - Oktober 2017: Innstilling om tildeling vert fremja i fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett 2018
  - Desember 2017: Fylkestinget vedtar kva aktørar som skal løyvast næringsretta partnerskapsmidlar for 2018, med intensjon om støtte for tre år.
- Fylkesutvalet vedtar at vurdering av partnerskapsmidlar skal gjerast opp mot følgjande kriterier knytt til prioriterte aktørar:*
  - Aktøren arbeider med å fremje entreprenørskap og innovasjon, knytt til nye bedriftsetableringar og/eller vekst i eksisterande bedrifter.*
  - Aktøren samlar og styrkar innovasjons- og/eller entreprenørskapsarbeidet i ein større del av fylket/region. Aktøren famnar over minst to kommunar.*
  - Aktøren har innsatsen retta mot område/ regionar med høg- eller vekst i arbeidsløysa.*
- I tillegg kan følgjande punkt vere relevant å drøfte i særskilte tilfelle:*

*Aktørar med lite anna offentleg støtte kan verte støtta i særskilte tilfelle, uavhengig av arbeidet med entreprenørskap og innovasjon.*

*Aktørar som vert finansiert saman med andre fylkeskommunar, må også vurderast opp mot dei andre fylkeskommunane sine prioriteringar.*

#### Status og framdrift

Til søknadsfristen 3. september kom det inn totalt 35 søknader.

Samla er det søkt om kr 29 915 000 i årleg partnerskapsbidrag frå Hordaland fylkeskommune.

Til samanlikning vart det i 2017 løyvd kroner 12 798 000 over fylkeskommunen sitt budsjett til næringsretta partnarar, og kr 4 499 000 over budsjettet Handlingsprogram for næringsutvikling.

Fylkesrådmannen vil i sitt framlegg til Fylkeskommunen sitt budsjett for 2018 fremje eit forslag til fordeling av dei tilgjengelige midlane.

Ein grundig saksgjennomgang, med vurdering av alle søknadane, vert fremja som ei eiga politisk sak parallelt med budsjettet, til endeleg handsaming i Fylkestinget i desember.

Fylkesrådmann understrekar at det vert nødvendig med sterk prioritering for å halde seg innanfor gjeldande rammer.

## Partnerskapsmidlar til regionale utviklingsaktørar 2018-2020 – Søknader

Søkjar/prosjekt	Årleg søknadssum	Total årleg finansiering (Inkludert søkt beløp)	Støttesum frå Hordaland fylkeskommune i 2017 (dersom relevant)
Vestnorsk Filmsenter/ Vestnorsk filmkommisjon	800 000	1 560 000	500 000
Design Region Bergen	800 000	5 050 000	450 000
Bergen Vitensenter AS	3 655 000	39 490 000	3 500 000
GCE Subsea	1 000 000	15 220 000	350 000
HOG Energi	1 000 000	3 680 000	750 000
Osterfjord Næringsssamarbeid	600 000	1 800 000	105 000
Os kommune/Bjørnefjorden Grunderpark	150 000	300 000	NY
Ungt Entreprenørskap Hordaland	500 000	766 667	400 000
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	700 000	3 659 000	240 000
Maritime Bergen	935 000	3 000 000	450 000
Connect Vest-norge	1 000 000	5 707 000	500 000
Gode Sirklar AS/ Grunderparken Vest	1 000 000	3 500 000	105 000/NY
Næringsshagen på Voss AS	400 000	5 100 000	100 000

Nordiske Mediedager	400 000	11 070 000	200 000
Styringsgruppen for reiselivet i Hordaland v/ Bergen Reiselivslag	1 300 000	2 000 000	1 010 000
Hardangerrådet IKS	500 000	2 987 754	217 000
The Seafood Innovation Cluster AS	1 000 000	13 800 000	250 000
Industriutvikling Vest AS	1 000 000	6 075 000	683 000
Impact hub Bergen	1 000 000	3 515 000	526 000
Matarena AS	450 000	7 090 000	200 000
Atheno AS	1 000 000	4 080 000	683 000
Mediefondet Zefyr AS	950 000 (+2,5% årleg auke)	5 659 700	900 000
NCE Maritime CleanTech	400 000	11 600 000	200 000
BTO/ Nyskapingsparken Inkubator	1 000 000	6 600 000	683 000
BTO/Mediekuben	1 000 000	6 300 000	NY
BTO/ Ocean Industries Accelrator	300 000	800 000	NY
Fjord Norge AS	3 000 000	32 200 000	3 000 000
NCE Media	350 000	10 450 000	200 000
Media Region Bergen	350 000	3 789 000	350 000
Gulen og Masfjorden Næringshage AS	400 000	800 000	50 000
Nordhordland Næringshage AS	400 000	800 000	100 000
Bergen Teknologioverføring (BTO)	1 000 000	5 000 000	NY
Bergen.Works AS	1 000 000	3 244 000	NY
Stiftelsen Sykkelturisme i Norge	75 000 (eksl mva)	973 500	97 500
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	500 000	5 800 000	258 000
<b>Totalt</b>	<b>29 915 000</b>	<b>228 466 621</b>	-----